



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2022 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 935 305 314
Organisasjonsform: Stiftelse
Foretaksnavn: STIFTINGA DET NORSKE SAMLAGET
Forretningsadresse: Mariboës gate 13
0183 OSLO

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2022 - 31.12.2022

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Edmund Austigard
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 28.04.2023

Grunnlag for avgivelse

År 2022: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2021: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2022

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 11.07.2024



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Salsinntekt		42 878 504	42 007 592
Andre driftsinntekter	1, 2	24 427 985	23 743 316
Sum inntekter		67 306 489	65 750 908
Kostnader			
Produksjonskostnader		31 447 210	27 340 569
Lønnskostnad	3	25 821 177	23 357 065
Avskrivning	4	114 592	99 440
Tap på fordringar	5	104 904	
Andre driftskostnader		16 811 911	14 122 678
Sum kostnader		74 299 794	64 919 751
Driftsresultat		-6 993 305	831 157
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		262 364	196 655
Anna finansinntekt		87 039	30 305
Sum finansinntekter		349 403	226 960
Pantegjeldsrenter		8 992	17 586
Annan finanskostnad		103 692	59 342
Sum finanskostnader		112 684	76 927
Netto finans		236 719	150 033
Ordinært resultat før skattekostnad		-6 756 586	981 190
Skattekostnad på resultat	6	-1 335 184	327 259
Ordinært resultat etter skattekostnad		-5 421 402	653 931
Årsresultat		-5 421 402	653 931
Årsresultat etter minoritetsinteresser		-5 421 402	653 931
Totalresultat		-5 421 402	653 931



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
Overføringer og disponeringar			
Overføring fra annan eigenkapital	7	-5 421 402	653 931
Sum overføringer og disponeringar		-5 421 402	653 931



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Utsett skattefordel	6	2 797 498	1 360 543
Sum immaterielle egedelar		2 797 498	1 360 543
Varige driftsmiddel			
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskinar o.l.	4	268 689	175 079
Sum varige driftsmiddel		268 689	175 079
Finansielle anleggsmiddel			
Aksjar og verdipapirfond	8	16 724 796	16 664 973
Sum finansielle anleggsmiddel		16 724 796	16 664 973
Sum anleggsmiddel		19 790 983	18 200 595
Omløpsmiddel			
Varer			
Sum varer	9	2 650 493	1 347 462
Krav			
Kundefordringar	5	10 160 437	9 724 990
Andre fordringar		1 347 044	1 070 654
Sum krav		11 507 481	10 795 645
Investeringar			
Aksjar og partar i føretak i same konsern	8		
Marknadsbaserte aksjar	8		
Marknadsbaserte obligasjonar	8		
Andre marknadsbaserte finansielle instrument	8		
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot, kontantar og liknande	10	13 571 855	23 378 773
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		13 571 855	23 378 773
Sum omløpsmiddel		27 729 829	35 521 880



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
SUM EIGEDLAR		47 520 812	53 722 475
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Aksjekapital	7	8 000 000	8 000 000
Annan innskoten eigenkapital	7		
Sum innskoten eigenkapital		8 000 000	8 000 000
Opptent eigenkapital			
Fond for vurderingsskilnader	7		
Annan eigenkapital	7	26 729 327	31 853 792
Udekt tap	7		
Sum opptent eigenkapital		26 729 327	31 853 792
Sum eigenkapital		34 729 327	39 853 792
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Utsett skatt	6		
Anna langsiktig gjeld			
Sum langsiktig gjeld		0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		2 033 385	2 852 511
Betalbar skatt	6	101 771	113 639
Skuldige offentlege avgifter		3 039 489	3 032 122
Skuldig royalty		3 714 892	3 328 687
Tilskot bøker i arbeid		202 500	202 500
Anna kortsiktig gjeld		3 699 448	4 339 224
Sum kortsiktig gjeld		12 791 485	13 868 683
Sum gjeld		12 791 485	13 868 683



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		47 520 812	53 722 475



Brønnøysundregistrene

ÅRSREGNSKAP FOR REGNSKAPSÅRET 2022 - GENERELL INFORMASJON

Journalnummer: 2023 381473

Enheten

Organisasjonsnummer: 935 305 314
Organisasjonsform: Stiftelse
Foretaksnavn: STIFTINGA DET NORSKE SAMLAGET
Forretningsadresse: Mariboës gate 13
0183 OSLO

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2022 - 31.12.2022

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av
årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Edmund Austigard
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 28.04.2023

Grunnlag for avgivelse

År 2022: Årsregnskap er elektronisk innlevert.
År 2021: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2022.

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 06.05.2023



Organisasjonsnr: 935 305 314
STIFTINGA DET NORSKE SAMLAGET

RESULTATREGNSKAP

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Salsinntekt		42 878 504	42 007 592
Andre driftsinntekter	1, 2	24 427 985	23 743 316
Sum inntekter		67 306 489	65 750 908
Kostnader			
Produksjonskostnader		31 447 210	27 340 569
Lønnskostnad	3	25 821 177	23 357 065
Avskrivning	4	114 592	99 440
Tap på fordringar	5	104 904	
Andre driftskostnader		16 811 911	14 122 678
Sum kostnader		74 299 794	64 919 751
Driftsresultat		-6 993 305	831 157
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		262 364	196 655
Anna finansinntekt		87 039	30 305
Sum finansinntekter		349 403	226 960
Pantegjeldsrenter		8 992	17 586
Annan finanskostnad		103 692	59 342
Sum finanskostnader		112 684	76 927
Netto finans		236 719	150 033
Ordinært resultat før skattekostnad		-6 756 586	981 190
Skattekostnad på resultat	6	-1 335 184	327 259
Ordinært resultat etter skattekostnad		-5 421 402	653 931
Årsresultat		-5 421 402	653 931
Årsresultat etter minoritetsinteresser		-5 421 402	653 931
Totalresultat		-5 421 402	653 931
Overføringer og disponeringar			
Overføring fra annan egenkapital	7	-5 421 402	653 931
Sum overføringer og disponeringar		-5 421 402	653 931



Organisasjonsnr: 935 305 314
STIFTINGA DET NORSKE SAMLAGET

BALANSE

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Utsett skattefordel	6	2 797 498	1 360 543
Sum immaterielle egedelar		2 797 498	1 360 543
Varige driftsmiddel			
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskinar o. l.			
	4	268 689	175 079
Sum varige driftsmiddel		268 689	175 079
Finansielle anleggsmiddel			
Aksjar og verdipapirfond	8	16 724 796	16 664 973
Sum finansielle anleggsmiddel		16 724 796	16 664 973
Sum anleggsmiddel		19 790 983	18 200 595
Omløpsmiddel			
Varer			
Sum varer	9	2 650 493	1 347 462
Krav			
Kundefordringar	5	10 160 437	9 724 990
Andre fordringar		1 347 044	1 070 654
Sum krav		11 507 481	10 795 645
Investeringar			
Aksjar og partar i føretak i same konsern	8		
Marknadsbaserte aksjar	8		
Marknadsbaserte obligasjonar	8		
Andre marknadsbaserte finansielle instrument	8		
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot, kontantar og liknande	10	13 571 855	23 378 773
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		13 571 855	23 378 773
Sum omløpsmiddel		27 729 829	35 521 880
SUM EIGEDELAR		47 520 812	53 722 475



BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD

Eigenkapital

Innskoten eigenkapital

Aksjekapital	7	8 000 000	8 000 000
Annan innskoten eigenkapital	7		
Sum innskoten eigenkapital		8 000 000	8 000 000

Opptent eigenkapital

Fond for vurderingsskilnader	7		
Annan eigenkapital	7	26 729 327	31 853 792
Udekt tap	7		
Sum opptent eigenkapital		26 729 327	31 853 792

Sum eigenkapital

34 729 327 39 853 792

Gjeld

Langsiktig gjeld

Utsett skatt	6		
Anna langsiktig gjeld			
Sum langsiktig gjeld		0	0

Kortsiktig gjeld

Leverandørgjeld		2 033 385	2 852 511
Betalbar skatt	6	101 771	113 639
Skuldige offentlige avgifter		3 039 489	3 032 122
Skuldig royalty		3 714 892	3 328 687
Tilskot bøker i arbeid		202 500	202 500
Anna kortsiktig gjeld		3 699 448	4 339 224
Sum kortsiktig gjeld		12 791 485	13 868 683

Sum gjeld

12 791 485 13 868 683

SUM EIGENKAPITAL OG GJELD

47 520 812 53 722 475



Organisasjonsnr: 935 305 314
STIFTINGA DET NORSKE SAMLAGET

NOTEOPPLYSNINGER - SELSKAP - alle poster oppgitt i hele tall

Note
3

Tal på årsverk i regnskapsåret
22.00

Sum Beløp

Balanseført verdi 31.12. Varige driftsmiddel Immaterielle eigned.

Konsernregnskap

Morselskapet sitt navn

Forretningskontor for morselskapet

Grunn til at dotterselskap ikke er tatt med i konsolideringa

Samla beløp - tilknytt selskap Årets Fjorårets

Samla beløp - føretak i samme konsern Årets Fjorårets

Samla beløp - føretak i samme konsern Årets Fjorårets

Samla beløp - felles kontrollert verksemd Årets Fjorårets

Pantstillingar Beløp

Behaldning av egne aksjar Tal på aksjar Pålydande Andel av aksjek.



Til årsmøte i Stiftinga Det Norske Samlaget

Melding frå uavhengig revisor

Uttalelse om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Stiftinga Det Norske Samlaget som er samansett av balanse per 31. desember 2022, resultatrekneskap for regnskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvissande bilete av stiftinga si finansielle stilling per 31. desember 2022, og av resultatata for regnskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av stiftinga i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvissande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for

PricewaterhouseCoopers AS, Dronning Eufemias gate 71, Postboks 748 Sentrum, NO-0106 Oslo
T: 02316, org. no.: 987 009 713 MVA, www.pwc.no
Statsautoriserte revisorer, medlemmer av Den norske Revisorforening og autorisert regnskapsførerselskap



naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til stiftinga si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerslene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen.

For beskriving av revisor sine oppgåver og plikter visar vi til:
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Uttalelse om andre lovmessige krav

Konklusjon om forvaltning

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000, *Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon*, mener vi at stiftelsen er forvaltet i samsvar med lov, stiftelsens formål og vedtektene for øvrig.

Oslo, 28. februar 2023
PricewaterhouseCoopers AS

Berit Alstad
Statsautorisert revisor
(elektronisk signert)



 Securely signed with Brevio

Revisjonsberetning

Signers:

Name	Method	Date
Alstad, Berit	BANKID	2023-02-28 13:40

This document package contains:

- Closing page (this page)
- The original document(s)
- The electronic signatures. These are not visible in the document, but are electronically integrated.




This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.



Stiftinga

Det Norske Samlaget

Årsmelding og rekneskap
2022



Årsmelding 2022

Vedtektene § 1

Stiftinga Det Norske Samlaget er ei sjølveigande, forretningsdrivande stifting som har til oppgåve å gi ut skrifter på nynorsk og norske målføre. Stiftinga skal fremje kunnskapen om norsk mål og odle og styrkje nynorsken som kulturmål i litteratur, undervisning og alt samfunnsliv elles.

Verksemda/samfunnsoppdraget

Samfunnsoppdraget til Samlaget er å syte for at det finst eit rikt utval av nynorsk litteratur på tvers av sjangergrensene. Forlaget bruker derfor store ressursar på å rekruttere og utvikle nynorskskrivande og samstundes syte for brei distribusjon av litteraturen i alle format og former.

Nokre høgdepunkt

Litterære utmerkingar:

- Tone E. Solheim fekk Nynorsk barnelitteraturpris for *Svarttrasta syng om natta*.
- Odd Eirik Sætre Færevåg fekk Bjørnsonstipendet for forfattarskapen sin.
- Aina Basso fekk Samlagsprisen.
- Tore Kvæven fekk Stig Sæterbakkens minnepris og blei nominert til den nyoppretta Bibliotekets litteraturpris, som også Camara Lundestad Joof var nominert til.
- Kari Stai fekk Teskjekjerringprisen.

- Følgjande titlar blei nominerte til den prestisjetunge Brageprisen:
 - Aina Basso for *Dei dødsdømde* (fakta for barn og unge),
 - Alfred Fidjestøl for «*Innerst i hjertet har jeg min forstand*». *Biografien om Georg Johannesen* (sakprosa), og
 - Hilde Myklebust for ungdomsromanen *Splindra*.
- Agnes Ravatn blei nominert til Bokhandlarprisen for romanen *Gjestene*.

Frå drifta:

- Det første kullet på 11 studentar gjennomførte Forfattarskulen for skrivande med minoritetserfaring i perioden januar til desember. 10 nye studentar er tekne opp til studiet i 2023.
- Samlaget hadde fleire bestseljarar i ulike sjangrar i 2022, særleg markerte følgjande titlar seg i bokhandelen:
 - Skjønnlitteratur: Agnes Ravatns *Gjestene*
 - Sakprosa for vaksne: Halvor Folgerøs *Fleire vestlandsvegar*
 - Barn: Ørjan Zazzera Johansens *Historia om Erling Braut Haaland*
- *Norsk flora* kom i ny utgåve og er ein av få oppdaterte vitskapelege floraer i Europa.
- Det blei investert tungt i lydproduksjon i 2022. Totalt har Samlaget investert over 7 millionar kroner i utvikling og produksjon av lydfiler. Det gir ein solid nynorsk lyd katalog på opp mot 350 filer ved utgangen av 2022.

Marknadssituasjonen

Den norske allmennmarknaden for litteratur gjekk ifølgje Bransjestatistikken tilbake med 2 prosent om ein held strøymetenestene utanom. Lytting til lydfiler utgjør over éin tredel av det totale litteraturforbruket og ser ut til å halde fram den kraftige omsetningsveksten. For Samlaget var salet av

bøker identisk med boksalet i 2021. Salet til bibliotek gjennom Kulturrådet gjekk opp 8 prosent frå 2021. E-boksalet gjekk tilbake med 8 prosent, medan inntekter frå strøymetenestene gjekk fram med 24 prosent frå 2021. Veksten i lydsegmentet blei monaleg svakare enn venta. Marknadssituasjonen for lyd i strøymetenester blir no opplevd som veldig krevjande. Det ser til tider ut til at forlag som ikkje eig strøymetenester slit med å få brei og reell distribusjon. Den marknadsleiande strøymetenesta vil i større grad sjølv avgjere kva bøker som blir tilbydd. Det betyr at mange forlag ikkje får så brei distribusjon som ønskeleg, og mangfaldet som lyttarane blir tilbydd er redusert. Særleg vanskeleg er situasjonen for lydbøker for barn. Kortare bøker blir ikkje tekne inn i den leiande tenesta sitt tilbod til lyttarane. Forlagsleiinga arbeidar gjennom fleire kanalar for å løyse problema. Når vi ikkje fram betyr praksisen eit historisk brot på det norske litterære systemet sin styrke som har vore å sikre brei distribusjon av litteraturmangfaldet.

Overordna mål

Samlaget skal vere:

- eit leiande skjønnlitterært forlag – og den viktigaste aktøren for nynorsk litteratur
- eit samfunnsengasjert forlag med rot i det motkulturelle
- eit forlag som tek språk på alvor
- eit forlag som prioriterer kvalitet i alle sjangrar: skjønnlitteratur, sakprosa, pensumlitteratur og ordbøker

Forretningsidé

Samlaget skal tilby lesaren eit breitt utval av nynorsk litteratur gjennom å utvikle forfattarskapar og selje litteratur av høgaste kvalitet.

Årsrekneskapen

Årsrekneskapen er sett opp ut frå føresetnaden om vidare drift. Årsresultatet etter skatt for 2022 blei på minus 5 millionar kroner mot 0,7 millionar kroner i pluss i 2021. Dei totale driftsinntektene enda på 67 millionar kroner mot 66 millionar kroner i 2021. Ein svak oppgang. Underskotet i 2022 kjem i hovudsak av to ting: ei større planlagd investering i produksjon av lyd og sterk kostnadsvekst, både generelt og i bokproduksjonen. Investeringa i produksjon av lydfiler er i sin heilskap resultatført. Produksjonskostnadene er 4 millionar kroner høgare i 2022 enn i 2021. Av desse er det særleg papirkostnaden og energikostnadene som har påverka kostnadsbiletet. Gjennomsnittleg er trykkekostnadene 70 prosent høgare enn i 2021. Enkelte titlar har kosta 140 prosent meir å produsere i 2022 enn i 2020–21. Særleg gjeld dette firefarga bøker for barn og sakprosa-bøker. Utover dette er drifta merkt av høgt generelt kostnadsnivå. Særleg på innleigde- og kjøpte tenester og drifta av kontorlokalet. Styret har gjort nødvendige tiltak for generell kostnadsreduksjon og særlege tiltak for å tilpasse bokproduksjonen til det nye kostnadsbiletet.

Styret legg til grunn at drifta held fram, og stadfestar at føresetnadene som rekneskapen er gjort under, er til stades.

Grunnkapitalen var 8 millionar kroner per 31.12.2022, og forlaget hadde 27 millionar kroner i annan eigenkapital. Styret har fastsett at årsresultatet etter skatt i 2022 på minus 5 millionar kroner blir ført mot annan eigenkapital. Forlaget har etter dette ein eigenkapitaldel per 31.12.2022 på 73 prosent.

Det Norske Samlaget har forretningskontor i Oslo.

Styret

Frå våren 2019 blir styret i Stiftinga, utanom dei tilsette sin representasjon, valt av årsmøtet i Litteraturselskapet. Medlemmer i Litteraturselskapet Det Norske Samlaget har røysterett på årsmøtet.

Fram til årsmøtet i Litteraturselskapet 28. april 2022 var desse med i styret: Gunnar Hæreid (styreleiar), Espen Udland, Bjarne Tormodsgard, Sigrun Høgetveit Berg og Erik Bolstad. Varamedlemmer: Hege Myklebust og Eli Ulvestad. Valde av dei tilsette: Cecilie Seiness som styremedlem og David Allan Aasen som varamedlem.

Etter årsmøtet har styret vore samansett slik:

John-Ragnar Aarset (styreleiar), Solrun Toft Iversen, Olin Johanne Henden, Bjarne Tormodsgard, Sigrun Høgetveit Berg og Erik Bolstad. Varamedlemmer: Svein Olav Langåker og Eli Ulvestad. Valde av dei tilsette: Cecilie Seiness som styremedlem og David Allan Aasen som varamedlem. Styret valde Sigrun Høgetveit Berg som nestleiar.

Finansiell risiko

Marknadsrisiko: Forlaget er eksponert mot endringar i rentenivået, store delar av innskotet har flytande rente og gir avgrensa avkastning på grunn av det generelle rentenivået. Selskapet har også 16 millionar kroner plassert i pengemarknadsfond og aksjefond med moderat til låg risiko.

Kredittrisiko: Brutto kredittrisiko på balansedagen utgjer kundefordringar på totalt 10 millionar kroner. Det er ikkje inngått avtalar om motrekning eller andre finansielle instrument som minimerer risikoen i forlaget.

Likviditetsrisiko: Styret vurderer likviditeten i selskapet per 31.12.22 som god. Likviditetsprognosen for 2023 er god.

Helse, miljø og tryggleik

Det totale sjukefråværet siste året var på 7,6% prosent av total arbeidstid, mot 5,5 prosent i 2021. Det Norske Samlaget har avtale om «Inkluderande arbeidsliv». Det er ikkje rapportert om skadar eller ulykker på arbeidsplassen siste året. Forlagsdrifta fører ikkje med seg ureining eller utslepp som kan vere til skade for det ytre miljøet. Forlaget har kjeldesortering.

Likestilling og mangfald

Ved utgangen av 2022 var kvinnedelen i leiinga på 33 prosent og delen kvinner i styret på 57 prosent. Fordelinga varierer frå år til år, og det blir alltid gjort val av underrepresentert kjønn, både ved tilsetjingar og ved val av styrerepresentantar, dersom kvalifikasjonane elles er like. Prinsippet om lik lønn for likt arbeid blir halde ved like gjennom eige lønssystem. Forlaget har eit overordna likestillingsmål som er utarbeidd i samarbeid med dei tillitsvalde. Dette ligg til grunn for likestillingsarbeidet i verksemda.

Samlaget har tilsette med ikkje-europeisk bakgrunn. I utlysingane oppmodar me kandidatar med ulik minoritetserfaring til å søkje. Det systematiske arbeidet med å auke mangfaldet i utgivingane våre held fram og skjer gjennom redaksjonane. Dei 11 første studentane på Forfattarskulen for skrivande med minoritetserfaring tok til i januar 2022 og avslutta studieåret i desember 2022. Erfaringane så langt er veldig gode. Forfattarskulen under leiing av Sigmund Løvåsen har teke opp 10 nye studentar som starta i januar 2023. Forfattarskulen er eit samarbeid mellom tenkjetanken Minotenk og Samlaget.



Utsiktene for 2023 – føresetnad for vidare drift

Etterspurnaden etter litteratur voks i pandemiåra 2020–21. I 2022 voks marknaden med totalt 6,5 prosent, men allmennbokmarknaden gjekk tilbake med 1,8 prosent. Me ser framleis ei flytting frå lesing til lytting. Det blir framleis lese særst mykje i Noreg samanlikna med resten av Europa, men trenden er i retning av mindre lesing og meir lytting.

Samlaget har investert i utvikling av lydporteføljene for å vere posisjonert for vekst innanfor lydfeltet. Det meste av den aktuelle katalogen er no produsert slik at omfanget vil gå monaleg ned i åra asom kjem og vere konsentrert om nytgivingar. Styret er opptatt av at mangfaldet blir tatt vare på i strøymekanalane og vil følge opp arbeidet med å sikre brei distribusjon. Samlaget har som mål å vere berekraftig posisjonert i marknaden og kunne ha eit attraktivt tilbod til forfattarar på eine sida, lyttarar og lesarar på andre sida. Samlaget vil framleis arbeide for å etablere e-boka som eit fullgodt alternativ, men som resten av bransjen ser også me at dette formatet førebels ikkje er det føretrekte litteraturformatet.

Ved inngangen til 2023 er den største utfordringa for forlagsdrifta å tilpasse seg den galopperande kostnadsveksten på produksjon av papirbøker. Den generelle kostnadsveksten påverkar også produksjonen av lydfiler og e-bøker. Denne situasjonen vil venteleg halde seg utover i 2023. På lengre sikt ventar styret at produksjonskostnadene vil komme ned på eit nivå som er meir samanliknbart med det me hadde i 2020–21. I mellomtida har styret gjort tiltak for å tilpasse bokproduksjonen til kostnadsbiletet. Det er også gjort tiltak for å redusere andre kostnader.

Styret vil rette ei varm takk til det store laget som er engasjert i og rundt Samlaget. Forfattarane, illustratørane, omsetjarane, alle frilansarane, frivillige og tilsette utgjer Samlaget og gjer ein stor og sterk innsats for den nynorske litteraturen. Takka omfattar også medlemmene av Litteraturselskapet Det Norske Samlaget, Vennelaget Samlagsrota og dei nærskylte nynorskinstitusjonane som Samlaget samarbeider tett med.

Oslo, 14. februar 2023

John-Ragnar Aarset
styreleiar

Sigrun Høgetveit Berg
nestleiar

Bjarne Tormodsgard

Olin Johanne Henden

Cecilie Seiness

Erik Bolstad

Solrun Toft Iversen

Edmund Austigard
adm. direktør





Verifikasjon

Transaksjon 09222115557488059618

Dokument

Stiftinga årsmelding 27.02.22

Hoveddokument

4 sider

Initiert på 2023-02-28 16:52:34 CET (+0100) av Edmund

Austigard (EA)

Ferdigstilt den 2023-03-01 07:24:30 CET (+0100)

Signerende parter

Edmund Austigard (EA)

Det Norske Samlaget

e.austigard@samlaget.no

+4748201320

Signert 2023-02-28 16:52:36 CET (+0100)

Sigrun Høgetveit Berg (SHB)

Sigrun.hogetveit.berg@uit.no

Signert 2023-02-28 17:00:08 CET (+0100)

Cecilie Seiness (CS)

c.seiness@samlaget.no

Signert 2023-02-28 17:49:58 CET (+0100)

Solrun Toft Iversen (STI)

solrun@detvestnorsketeateret.no

Signert 2023-02-28 22:35:01 CET (+0100)

Bjarne Tormodsgard (BT)

bjarne.tormodsgard@hallingdolen.no

Signert 2023-02-28 21:10:43 CET (+0100)

Erik Bolstad (EB)

Bolstad@snl.no

Signert 2023-02-28 18:54:13 CET (+0100)

Olin Johanne Henden (OJH)

ojohanne007@gmail.com

Signert 2023-02-28 21:07:15 CET (+0100)

John-Ragnar Aarset (JA)

jraarset@hotmail.com

Signert 2023-03-01 07:24:30 CET (+0100)

Denne verifiseringen ble utstedt av Scrive. Informasjon i kursiv har blitt verifisert trygt av Scrive. For mer informasjon/bevis som angår dette dokumentet, se de skjulte vedleggene. Bruk en PDF-leser, som Adobe Reader, som kan vise skjulte vedlegg for å se vedleggene. Vennligst merk at hvis du skriver ut dokumentet, kan ikke en utskrevet kopi verifiseres som original i henhold til bestemmelsene nedenfor, og at en enkel utskrift vil være uten innholdet i de skjulte vedleggene. Den digitale signeringsprosessen (elektronisk forsegling) garanterer at dokumentet og de skjulte vedleggene er originale, og dette kan dokumenteres matematisk og uavhengig av Scrive. Scrive tilbyr også en tjeneste som lar deg automatisk verifisere at dokumentet er originalt på: <https://scrive.com/verify>





Resultatregnskap			
Stiftinga Det Norske Samlaget			
Alle tal i heile tusen			
Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2022	2021
Driftsinntekter			
Salsinntekt		42 879	42 008
Andre driftsinntekter	1, 2	24 428	23 743
Sum driftsinntekter		<u>67 306</u>	<u>65 751</u>
Produksjonskostnader		31 447	27 341
Lønnskostnad	3	25 821	23 357
Avskrivning	4	115	99
Tap på fordringar	5	105	0
Andre driftskostnader		16 812	14 123
Sum driftskostnader		<u>74 300</u>	<u>64 920</u>
Driftsresultat		<u>-6 993</u>	<u>831</u>
Finansinntekter og finanskostnader			
Renteinntekter		262	197
Anna finansinntekt		87	30
Pantegjeldsrenter		-9	-18
Annan finanskostnad		-104	-59
Resultat av finanspostar		<u>237</u>	<u>150</u>
Resultat før skatt		-6 757	981
Skattekostnad på resultat	6	-1 335	327
Resultat		<u>-5 421</u>	<u>654</u>
Ekstraordinære inntekter og kostnader			
Årsresultat		<u>-5 421</u>	<u>654</u>
Overføring			
Overføring fra annan egenkapital	7	5 421	-654
Sum overføringar		<u>-5 421</u>	<u>654</u>

Stiftinga Det Norske Samlaget

Side 1





Balanse			
Stiftinga Det Norske Samlaget			
	Note	2022	2021
Eigedelar			
Anleggsmidler			
Immaterielle eigedelar			
Utsett skattefordel	6	2 797	1 361
Sum immaterielle eigedelar		2 797	1 361
Varige driftsmidler			
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskinar o.l.	4	269	175
Sum varige driftsmidler		269	175
Finansielle anleggsmidler			
Aksjar og verdipapirfond	8	16 725	16 665
Sum finansielle anleggsmidler		16 725	16 665
Sum anleggsmiddel		19 791	18 201
Omløpsmidlar			
Varelager	9	2 650	1 347
Kundefordringar	5	10 160	9 725
Andre fordringar		1 347	1 071
Bankinnskot, kontantar og liknande	10	13 572	23 379
Sum omløpsmidlar		27 730	35 522
Sum eigedelar		47 521	53 722

Stiftinga Det Norske Samlaget

Side 2





Balanse			
Stiftinga Det Norske Samlaget			
	Note	2022	2021
Eigenkapital og gjeld			
Innskoten eigenkapital			
Aksjekapital	7	8 000	8 000
Sum innskoten eigenkapital		8 000	8 000
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	7	26 729	31 854
Sum opptent eigenkapital		26 729	31 854
Sum eigenkapital		34 729	39 854
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Leverandører		2 033	2 853
Betalbar skatt	6	102	114
Skuldige offentlige avgifter		3 039	3 032
Skuldig royalt		3 715	3 329
Tilskot bøker i arbeid		203	203
Anna kortsiktig gjeld		3 699	4 339
Sum kortsiktig gjeld		12 791	13 869
Sum gjeld		<u>12 791</u>	<u>13 869</u>
Sum eigenkapital og gjeld		47 521	53 722

Stiftinga Det Norske Samlaget

Side 3





Balanse

Stiftinga Det Norske Samlaget

Oslo, 28.02.2023

Styret i Stiftinga Det Norske Samlaget

Bjarne Tormodsgard
styremedlem

Edmund Austigard
dagleg leiar

Cecilie Seiness
styremedlem

Sigrun Høgetveit Berg
nestleiar

Erik Bolstad
styremedlem

John-Ragnar Aarset
styreleiar

Oline Johanne Henden
styremedlem

Solrun Toft Iversen
styremedlem





NOTAR TIL REKNESKAPEN

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova 1998 og god rekneskapsskikk for små foretak. Han byggjer på dei grunnleggjande rekneskapsprinsippa om historisk kost, samanstilling, kongruens, aktsemd og at drifta held fram. Alle tall vises i heile tusen.

Salsinntekter

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Med leveringstidspunktet er det meint tidspunktet for overføring av risiko og kontroll knytt til levert vare.

Utviklingskostnader

Alle kostnader knytte til prosjekt og marknadstiltak blir belasta rekneskapen etter kvart som dei kjem på.

Skatt

Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både den betalbare skatten i perioden og endring i utsett skatt. I tillegg til ordinær skatt på overskot betalar stiftinga formuesskatt på netto formue. Betalbar skatt er utrekna på grunnlag av det skattemessige resultatet for perioden. Utsett skatt er rekna ut med 22 % på grunnlag av dei mellombelse skilnadene mellom rekneskaps- og skatteverdiane, og underskotet ved utgangen av rekneskapsåret som kan framførast i likninga. Skatteaukande og skattereduserande mellombelse skilnader som reverserer eller kan reverserast i den same perioden, er utlikna og nettoførte. Oppføring av utsett skattefordel på netto skattereduserande skilnader som ikkje er utlikna og underskot til framføring, er grunngitt med venta framtidig inntening. Utsett skatt og skattefordel som kan balanseførast, er oppført netto i balansen.

Klassifisering og vurdering av balanseposter

Eigedelar bestemte til varig eige eller bruk er klassifiserte som anleggsmidlar. Eigedelar som er knytte til varekrinsløpet, er klassifiserte som omløpsmidlar. Fordringar er klassifiserte som omløpsmidlar dersom dei skal betalast tilbake innan eitt år etter utbetalingstidspunktet. For gjeld er analoge kriterium lagt, til grunn.

Omløpsmidlar er vurderte til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmidlar er vurderte til kostpris. Varige driftsmidlar er balanseførte og blir avskrivne over driftsmidle si økonomiske levetid. Varige driftsmidlar blir nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje er venta å vere forbigående. Nedskrivninga blir reversert når grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er til stades.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar er balanseførte og avskrivne lineært over driftsmidlane si forventa levetid dersom dei har ei vurdert levetid over 3 år og ein kostpris som overstig kr 15 000. Vedlikehald av driftsmidlar er kostnadsført etter kvart under driftskostnader. Påkostingar eller forbetringar er lagde til driftsmidelen kostpris og avskrivne i takt med driftsmidelen. Skiljet mellom vedlikehald og påkosting/forbetring er rekna i forhold til den stand driftsmidelen er i ved kjøp.





Leasing

Forlaget har berre leasingavtalar som blir klassifiserte som operativ leasing. Leasing av driftsmidlar er kostnadsført. Forskotsbetalingar er balanseført som forskotsbetalte kostnader og fordelte over leasingperioden.

Aksjar og andre verdipapir

Aksjar for varig eige blir ført i balansen som anleggsmidlar til historisk kost, eventuelt nedskrivne til verkeleg verdi dersom denne er lågare og dette ikkje berre er kortvarig. Motteke utbytte blir registrert som inntekt i det året det er blitt motteke.

Investeringar i andre selskap

Kostmetoden blir brukt som prinsipp for investeringar i andre selskap. Utbytte frå investering i andre selskap blir rekneskapsført som finansinntekt når utbytte er vedteke.

Varelager

Boklageret er verdsett rekneskapsmessig til lågaste av kostpris eller salspris fråtrekt salskostnader på dei bøkene som er rekna med vil bli selde. I utrekninga av kostpris er det teke omsyn til direkte tilskot til den enkelte boka. Det blir gjort nedskrivning for pårekeleg ukurans.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppførde i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til venta tap. Avsetning til tap er gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane. I tillegg er det for andre kundefordringar gjort ei uspesifisert avsetning for å dekke vurdert tap.

Andre fordringar

Forskotsbetalt ikkje opptent royalty klassifiserast i balansen under andre fordringar. Forskotsbetalingar som ikkje er opptent og eldre enn tre år tapsførast. I tillegg er det gjort individuelle vurderingar av dei gjenståande uteståande fordringane.

Pensjonar

Selskapet har ei innskotsbasert pensjonsordning. Pensjonsordninga er finansiert gjennom innbetaling til forsikringsselskap. Selskapet har ingen ytterlegare betalingsforpliktingar etter at innskot er betalt. Innskot rekneskapsførast som lønnskostnad..





Note 1 Tidsskriftsal

	2022	2021
Syn og Segn	80	285
Sum	80	285

Note 2 Tilskot

	2022	2021
Statstilskot	21 435	19 835
Skuleboknemnda til Studentmållaget i Oslo	-257	-252
Andre tilskot	2 492	3 688
Sum	23 670	23 271

Note 3 Lønnskostnader og ytingar, godtgjeringar til dagleg leiar, styret og revisor

Lønnskostnader	2022	2021
Lønningar	20 007	18 212
Arbeidsgivaravgift	3 212	2 837
Pensjonskostnader inkl. aga	1 585	1 466
Andre ytingar	1 018	842
Sum	25 821	23 357

Gjennomsnittleg tal på tilsette i 2022 er 24.

Pensjoner

Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon.

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styret
Lønn	1 638	421
Sum	1 638	421

Selskapet har overfor dagleg leiar forplikta seg til å yte eit sluttvederlag som tilsvarar 75 % av gjeldande årslønn på oppseiingstidspunktet. Det er ikkje gitt lån eller stilt trygd til dagleg leiar, styreleiar eller andre nærstående partar. Det er ikkje gitt lån eller stilt trygd som utgjer meir enn 5 % av eigenkapitalen i selskapet.

Revisor

Det kostnadsførte revisjonshonoraret for 2022 utgjer 200.

I tillegg kjem honorar for andre tenester med 43.

Revisjonshonoraret er eksklusiv meirverdiavgift.

Styrehonorar

Styrehonorar dekkjer både styret i Stiftinga, styret i Litteraturselskapet (medlemslaget) og styret i

Rådet. Beløpet deler seg slik på dei:

Stiftinga Det Norske Samlaget: 282

Litteraturselskapet: 113

Rådet: 26

Totalt: 421





Note 4 Anleggsmidler

	Driftslausøyre, inventar o.l.
Innkjøpskostnad per 01.01.2022	7 490
Tilgang kjøpte anleggsmidler	208
Innkjøpskostnad 31.12.2022	7 698
Avskrivningar og nedskrivningar per 01.01.2022	7 314
Ordinære avskrivningar i år	115
Avskrivningar og nedskrivningar per 31.12.2022	7 429
Bokført verdi 01.01.2022	175
Tilgang i året	208
Avskrivningar og nedskrivningar i år	115
Bokført verdi 31.12.2022	269

Økonomisk levetid							0-5 år
Investeringar dei siste 5 åra:	2018	2019	2020	2021	2022	Sum	
Bilar, inventar, kontormaskinar og liknande	184	145	171	0	208	708	

Kontormaskinar og administrative system blir avskrivne over 3 år. Inventar blir avskrivne over 5 år. Gevinst og tap ved sal av driftsmidler går fram som differanse mellom salspris og bokført verdi basert på bedriftsøkonomiske avskrivningar.





Løpande leiekontraktar

Leigeobjekt	Leige 2022
Bilar	0
Kontormaskinar	114
Sum	114

Bokført som operasjonelle leiekontraktar

Note 5 Kundefordringar

	2022	2021
Kundefordringar til pålydande	10 260	9 825
Avsetning til tap	100	100
Balanseført verdi av kundefordringar 31.12	10 160	9 725
Endring i avsetning til tap	0	
Realiserte tap	105	0
Sum resultatførte tap på krav	105	0

Kostnadsført tap er klassifisert som annan driftskostnad i rekneskapen.
Alle kundefordringar forfell innan 1 år etter rekneskapsårets slutt.

Note 6 Skatt

Skattekostnad dette året	2022	2021
Resultatført skatt på ordinært resultat		
Skatt som skal betalast	102	114
Endring i utsett skattefordel	-1 437	214
Skattekostnad ordinært resultat	-1 335	327
Skatt av årets resultat	0	0
Skatt på formue	102	114
Sum skatt i balansen som skal betalast	102	114

Skatteeffekten av førebelse skilnader og underskot til framføring som har gjeve opphav til utsett skatt og utsette skattefordelar, spesifisert på typar av førebelse skilnader:

	2022	2021	Endring
Driftsmidler	-104	-114	-10
Varebeholdning	-3 935	-5 456	-1 520
Fordringar	-2 449	-2 361	88
Vinst- og tapskonto	1 398	1 747	349
Sum	-5 091	-6 184	-1 093
Akkumulert underskot som kan framførast	-7 625	0	7 625
Grunnlag for berekning av utsett skatt	-12 716	-6 184	6 532
Utsett skatt	-2 797	-1 361	1 437





Note 7 Eigenkapital

	Aksjekapital	Overkurs	Annan innskutt eigenkapital	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Per. 31.12.2021	8 000	0	0	31 854	39 854
Endringer førte mot EK				0	0
Per 01.01.2022	8 000	0	0	31 854	39 854
Korrigerings feil tidligere år				297	297
Årets resultat				-5 421	-5 421
Per 31.12.2022	8 000	0	0	26 729	34 729

Note 8 Aksjar og verdipapirfond per 31.12.2022

Andre aksjar	Aksjekap	Eigardel %*	Pålydande	Aksjar (Tal)	Kostpris	Bokført
Aksjar i						
Dag og Tid A/S	1	2,2 %	0	1	25	25
World Expression Forum AS	1 975	1 %		1	25	25
Sum	1 976	0	0	2	50	50

* Eigardel = stemmedel

Verdipapirfond per 31.12.2022	Marknadsvardi	Bokført
DnB Likviditet	1 624	1 634
DnB Obligasjon	1 736	1 853
KLP aksjglobal index	2 715	1 200
Landkreditt forvaltning	12 746	9 988
Landkreditt høyrente	2 052	2 000
Sum verdipapir	20 873	16 675
Totalt bokført aksjar og verdipapir		16 725

Note 9 Varer

	2022	2021
Råmateriale	0	0
Varer i arbeid	281	108
Ferdigvarer	10 910	9 289
Ukurans	-8 541	-8 049
Nedskrivningar	0	0
Sum netto varelager	2 650	1 347





Note 10 Bundne bankinnskot, trekkrettar

	2022	2021
Skattetrekkmidlar	2 342	1 034
Depositum - leige	951	951
Sum	3 294	1 987





Verifikasjon

Transaksjon 09222115557488057653

Dokument

Stiftinga Det Norske Samlaget oppdatert med nedskrivning varelager[4]

Hoveddokument

11 sider

Initiert på 2023-02-28 16:46:33 CET (+0100) av Edmund

Austigard (EA)

Ferdigstilt den 2023-03-01 07:23:57 CET (+0100)

Signerende parter

Edmund Austigard (EA)

Det Norske Samlaget

e.austigard@samlaget.no

+4748201320

Signert 2023-02-28 16:46:34 CET (+0100)

Sigrun Høgetveit Berg (SHB)

Sigrun.hogetveit.berg@uit.no

Signert 2023-02-28 16:59:51 CET (+0100)

Cecilie Seiness (CS)

c.seiness@samlaget.no

Signert 2023-02-28 17:49:20 CET (+0100)

Solrun Toft Iversen (STI)

solrun@detvestnorsketeateret.no

Signert 2023-02-28 22:35:21 CET (+0100)

Bjarne Tormodsgard (BT)

bjarne.tormodsgard@hallingdolen.no

Signert 2023-02-28 21:10:19 CET (+0100)

Erik Bolstad (EB)

Bolstad@snl.no

Signert 2023-02-28 18:54:26 CET (+0100)

Olin Johanne Henden (OJH)

ojohanne007@gmail.com

Signert 2023-02-28 21:06:42 CET (+0100)

John-Ragnar Aarset (JA)

jaaarset@hotmail.com

Signert 2023-03-01 07:23:57 CET (+0100)

Denne verifisering ble utstedt av Scrive. Informasjon i kursiv har blitt verifisert trygt av Scrive. For mer informasjon/bevis som angår dette dokumentet, se de skjulte vedleggene. Bruk en PDF-leser, som Adobe Reader, som kan vise skjulte vedlegg for å se vedleggene. Vennligst merk at hvis du skriver ut dokumentet, kan ikke en utskrevet kopi verifiseres som original i henhold til bestemmelsene nedenfor, og at en enkel utskrift vil være uten innholdet i de skjulte vedleggene. Den digitale signeringsprosessen (elektronisk forsegling) garanterer at dokumentet og de skjulte vedleggene er originale, og dette kan dokumenteres matematisk og uavhengig av Scrive. Scrive tilbyr også en tjeneste som lar deg automatisk verifisere at dokumentet er originalt på: <https://scrive.com/verify>

